Landro skule
5363 Ågotnes
+47 55 09 78 90
Web: www.landroskule.no
Epost: landro.adm@oygarden.kommune.no

Referat frå møte i Samarbeidsutvalet (SU) ved Landro skule

Tidspunkt:	**Tysdag 27.10.26 kl. 17:30-19:30**	Stad:	**Landro skule**

Desse var kalla inn:	
Anita Bowitz	Foreldrerådet, leiar FAU
Emilie Lyssand Molland	Foreldrerådet, nestleiar FAU
Beate Heggernes	Undervisningspersonalet
Fredrik Øvstedal	Undervisningspersonalet
Monica H. Sæle	Andre tilsette
Morten Snekkevik	Kommunal representant, politisk
Anita Vabø	Kommunal representant, rektor

Sak nr.	
1-26/27	**Konstituering av SU og møteplan 2026-2027:** Leiar: Anita Bowitz Nestleiar: Fredrik Øvstedal Vi gjennomfører SU/SMU-møta tysdagar klokka 17:00-19:00 etter denne planen: • 27.10.26 SU-møte • 26.01.27 SMU/SU-møte • 16.03.27 SU-møte • 27.04.27 SMU/SU-møte • Eventuelt fleire møter etter behov Annakvart møte blir ein kombinasjon av møte i Skulemiljøutvalet (SMU) og Samarbeidsutvalet (SU). Rektor sender innkalling til møtedeltakarane.

2-26/27	**Saker frå FAU til orientering og drøfting:** • **Konstituering av FAU:** FAU hadde sitt første møte 01.10.26. Det vart gjennomført konstituering, og Anita Bowitz vart valt til FAU-leiar, og Emilie L. Molland nestleiar. • **Deling av klasselister ved oppstart av nytt skuleår:** Det er eit ønskje frå FAU å få tilgang til klasselister ved oppstart av nytt skuleår. Det har tidlegare vore drøfta om utlevering av klasselister er i strid med personvernregelverket. Klasse- og elevlister ved offentlege skular er som hovudregel offentlege dokument, og skular kan dele ut til foreldre (berettiget interesse). Unntaket er opplysningar som er omfatta av teieplikt, til dømes hemmeleg telefonnummer eller adresse. Klasselista kan innehalde namn, adresse, telefonnummer og e-post. Vi er samde om at rutinen på vegen vidare blir å gi FAU tilgang til klasselister ved nytt skuleår. • **Spond:** FAU treng å tenkje nytt i forhold til å få informasjon ut til føresette, då alle føresette ikkje er på FB, og det er vanskeleg å nå alle med informasjon. FAU ønskjer å prøve ut Spond som kommunikasjonskanal. • **Temakveld til våren?** Vi drøfta at det kunne vore bra å få til ein temakveld for føresette i løpet av våren, med fokus på den digitale verda barn og unge skal navigere i. Det blir viktig at vi treff godt på eit tema som er interessant og nyttig. Skulen og FAU jobbar vidare med dette i neste SU-møte. Både skule og FAU kan kome med innspel til tema til vårt neste møte. • **Bestevakt** Ordninga Bestevakt har fungert veldig godt. Vi har 9 besteforeldre i ordninga pr. no, og dei stiller i storefri dei onsdagane dei kan. Det har vore besteforeldre til stades i skulegarden kvar onsdag sidan vi starta opp, og dei gjer ein strålande innsats. Det er plass til fleire bestevakter på laget, så vi er einige om at det kan gå ut ein ny invitasjon/melding i Vigilo, dersom det er fleire besteforeldre som ønskjer å bidra. • **Skjermbruk under matpausar i skuletid** FAU har i sitt møte hatt fokus på skjermbruk, og stiller spørsmål om det er naudsynt å bruke skjerm i matpausar. Teamleiar tek denne saka med seg til neste møte med lærarane. Vi er einige om at i matpausen er det aller viktigaste at elevane får tid og ro til å få i seg mat og drikke. Sosial læring er også eit viktig element i drøftinga av måltid og matpausar. Bruk av skjerm i matpausen kan vere ulik frå klasse til klasse. Det er viktig at vi er bevisste på korleis vi organiserer og gjennomfører matpausane. Det kan til dømes vere ein variasjon av høgtlesing, lydbok, skjerm eller det å prate saman under måltidet.

	• **Bedriftsbesøk** FAU ønskjer å undersøke om det er aktuelt for enkelte klassetrinn å delta på bedriftsbesøk, eller få besøk frå bedrifter? Skulen og SU er positive til at FAU undersøker og jobbar vidare med dette. Vi tenkjer at det er 5.-7. trinn som er den mest aktuelle målgruppa. Det kan vere både kjekt og viktig å få høyre om ulike yrke og moglegheiter i ung alder. Vi har gode ressursar i foreldregruppa vår, og det er sikkert ein del foreldre som kunne ha fortalt om sin jobb og sitt yrke på ein spennande måte. Det blir spelt inn forslag om karrieredag eller presentasjon i gymsalen. Elevrådet kan drøfte dette litt vidare og kome med innspel. Vi drøftar saka vidare i neste SU-møte.
3-26/27	**Informasjon om skulen sine satsingsområde 2026-2027:** Vi hadde ein kort gjennomgang av skulen sine satsingsområde skuleåret 2026-2027. Satsingsområda blir jobba aktivt med, og vi har evaluering gjennom kvalitetsdialog og oppfølging av handlingsplan. Her er dei ulike områda kort skissert: • **Lesing og språk:** elevane våre skal utvikle gode dugleikar innan lesing og språk. Landro skule ved rektor og avdelingsleiar hadde eit innlegg i Levekårsutvalet 21.10.26. Der fekk vi fortalt lokalpolitikarane om korleis vi jobbar systematisk med lesing på Landro skule. • **Rekning:** elevane våre skal utvikle gode dugleikar innan rekning. • **Læringsmiljø:** sikre både elevar og tilsette eit trygt og godt læringsmiljø og arbeidsmiljø. • **Skule-heim samarbeid:** jobbe aktivt for å sikre eit best mogleg skule-heim samarbeid. Auke involvering og engasjement. • **Elevar med stort læringspotensial:** skal sikrast tilpassa undervisning til sitt nivå. Det kan bli aktuelt å sertifisere seg som Helsefremmande skule i løpet av skuleåret. Ny vurdering av dette i januar.
4-26/27	**Andre saker til informasjon og drøfting:** • **Ressurssituasjon skuleåret 2026-2027:** I vår hadde vi i fleire SU-møter fokus på ressursar og forsvarleg drift. Det vart jobba hardt med å få til ei forsvarleg auke i ressursar inn mot nye og eksisterande behov. Den ekstra tildelinga vurderer vi som forsvarleg, men den ligg på eit minimum av det vi treng. Helsebehova bør få ei meir øyremerka tildeling på vegen vidare, og i prosessen inn mot neste skuleår. • **Status frå Elevrådet:** Elevrådsrepresentantar er valt, og Elevrådet er i gang med møteaktivitet. I forkant av elevrådsmøta blir det gjennomført klassemøter, der elevane klassevis drøfter aktuelle saker som

	dei tek med seg til Elevrådet. Elevrådskontakt orienterer om at det er engasjerte elevrådsrepresentantar, som løfter inn ulike saker som elevane er opptekne av. 8 representantar frå elevrådet og elevrådskontakt deltok 15.10.26 på eit «Snill e kult» arrangement. Der drøfta dei korleis ein skal jobbe vidare med dette prosjektet.
Referent: *Anita Vabø* *Rektor*	